



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustrielag.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2006

Vedteke på årsmøtet 28.3.07

ÅRSMØTET I 2006

Årsmøtet vart halde i hjå Palle Karm og Kassefabrikken AS på Raknes 29.3.06.

MEDLEMSMØTE

6.9.06 hadde me informasjonsmåte hjå **Tysse Mek Verksted AS. Samarbeidsutvikling AS** orienterte om TPM-metoden og aktuelt kurstilbod.

13.2.07 hadde me medlemsmøte hjå **Lerøy Fossen AS** på Valsetrand der hovudtema var **Osterøy kommune si satsing på næringsutvikling**. Disse innleidde; ordførar Kari F Aakre, nyttilsett kommunalsjef næringsutvikling, Martin Kulild og «breibandssjef» Bjørn Alling.

På medlemsmøtet vart også drøfta aktuelle saker som styret arbeider med.

Den 15.3.07 var det seminar på **Høgskulen i Bergen** om samarbeidsaktivitetar mellom høgskolen og Osterfjordregionen/næringslivet. Fleiret av laget sine medlemmer deltok og melde interees for samarbeid på konkrete felt.

PLANAR OM

STUDIETUR TIL GØTEBORG

Me inviterte til studietur til Gøteborg 3.-7.5.06, m.a. med fokus på TPM og på robotar. Programmet var lagt opp av Samarbeidsutvikling AS. Me fekk ikkje nok deltakarar og turen vart avlyst.

3 STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte (6.9.06, 23.1. og 13.2.07) og har handsama 10 saker.

Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestleiar.

STORE RESULTAT

Det har i arbeidsåret 2006 vore vesentlege ”gjennombrot” i saker som Industrielaget har arbeidd aktivt for.

Ny riksvveg mellom Hauge og Lonevåg

«hang i ein tynn tråd» kring årsskiftet 06/07 etter at Vegdirektoratet sette opp kostnadsalkylen med ca 50 mill kr til 195 mill kr. Styret med formannen i spissen har arbeidd aktivt og godt politisk. 7.2.07 vedtok heradsstyret utvida finansieringsramme med deling av ekstrakostnaden med 50% på staten og resten med kompensasjonsmidlar (8 mill kr) og bompengar. Betalingssatsane og nedbetalingstida vert ikkje auka. Saka må også handsamast i Fylkestinget og Stortinget. 7.9.06 sende me brev til samferdselsminister Liv Signe Navarsete med oppmoding om å få fortgang i framdrifta av bompengesaka. Me fekk svar, men det sa ikkje så mykje. Planprosessen for å kunne plassere tunnelmassar er i fullført.

Det ser ut til at **Autopass** endeleg skal kunne takast i bruk på Osterøybrua sommaren 2007.

Omlagging av **Litlandsvingane** på rv 567 vart fullført hausten 2006 før snøen kom.

Formannen har føgt opp aktivt arbeidet som Bergens Næringsråd saman med næringsorganisasjonar i omegnen gjer for å få realisert **Arnatunnelen**. Det er oppnådd bra fokus, men det er mange formalitetar og ein tung politisk prosess som skal på plass. Formannen deltok 16.3.07 på seminar om transportpalnen for Bergensområdet. Formannen deltok 27. og 28.3.07 på eit større arbeidsseminar om Arnatunnelen og dobbeltspor gjennom Fløyfjellet.

Mange av medlemsbedriftene går godt.

UTAN RESULTAT

Å få tilgang til **næringsareal i Haugeområdet** er eitt av dei viktigaste virkemidla for vidareutvikling av næringslivet på Osterøy. Kommunen har kjøpt eit areal i Hannisdalen. Lokale næringsaktørar står klare til å tilretteleggje areal i Settliia og Industrilaget har gjort framlegg om å ta området inn att i planen, men ny kommunedelplanen vart vedteken utan dette arealet som har vore inne i kommuneplanen i meir enn 10 år, men heradsstyret vedtok ein fyldig liste for oppdateringar i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel..

Arbeidet med å få fullført **kompensasjonsordninga for den auka arbeidsgjevaravgifta** frå 2000 har ikkje lukkast. Osterøy har trekt seg ut av arbeidsgruppa. Me oppnådde ein del resultat i startfasen, men det er ikkje vorte resultat av arbeidet dei siste åre, til trass for meldingar om gode signal.

Samferdslestatsråden vitja 4.7.06 Osterøy. Osterøy Industrilag vart ikkje invitert til å delta, sjølv ikkje etter oppmoding om å få ta del.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er

sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett. Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsssamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutvikling og mottok 245.000 kr for dette i 05. I 2005 fekk Osterfjord Næringsssamarbeid også til rådvelde via fylkeskommunen 552.000 kr til regionalt næringsfond. Sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsssamarbeid går på omgang og i 05, 06 og 07 har Industrikonsulenten sekretariatet.

ANDRE SAKER

Styret har vedteke å melde laget inn i Bergen Næringsråd.

Komite for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule er godt i gang med eit prosjekt for etablering av «**Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM**». Ved skulestart var det på plass 3 CNC-maskiner i skulen sin verkstad. Fleire av våre medlemsbedrifter stiller praksisplassar til disposisjon som ein viktig del av undervisninga. Nærare informasjon er tilgjengeleg på Industrikonsulenten sin heimeside og på www.rup.no, søk «avansert maskinering».

23.10.06 vitja **studentar frå Høgskulen i Bergen**, Institutt for økonomiske og administrative fag, avdeling for ingeniørutdanning, Norlender Knitwear AS og Mjøs Metallvarefabrikk AS.

Industrilaget har gruppeavtale med **Ventelo for mobiltelefon- og fasttelefonester**. Denne er fornya til sommaren 2008.

Heimesidene: www.osteroyindustrilag.no , har framleis eit enkelt design.

Me har i meldeperioden hatt eit aktivt samspel med **lokalpressa** og mange av våre saker har hatt god dekning. Fleire av medlemsverksemdene har også hatt god dekning i regionale og nasjonale medier

E-post er no ein av dei viktigaste kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 15 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Nye medlemmer: Osterøy Energi AS og Hella Bygg AS

Industrilaget har **38 medlemsverksemdar** med ca **850 tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Lars Magne Bysheim (på val)
Eimund Øvsthus
Tor Georg Hella
Kjell Lerøy (på val)
Arne Hansen (på val)

Varamedlemmer:

Kjell Rune Birkaas (på val)
Johan Solberg (på val)
Monica Solberg (på val)

Styringsutvalet for Industrikonsulentene:

Lars Magne Bysheim, formann
(Formannen i Industrilagsstyret er formann her)
Svein A Skulstad (på val)
Willy Helgesen
Kari Foseid Aakre
Varafolk: Jostein Jacobsen
(for Svein A Skulstad) (på val)
Jorunn Jacobsen
(for Willy Helgesen)

Revisor: Norodd Helle (på val)